

M Ø T E R E F E R A T

Organ/tema: **Årsmøtet, saker**
Møtestad: Gardemoen, Radisson Blue Airport Hotel.
Tid: 20.06.2014 kl 12:30.
Deltakarar: Sjå vedlagde deltakarliste
Fordeling av referatet: Internt i kraftfylka.

Årsmøtesak 1-2014: Godkjenning av innkalling, sakliste og dagsorden

Vedtak:

Innkalling, sakliste og dagsorden vert godkjent.

Årsmøtesak 2-2014:

Val av møteleiar, sekretær og to representantar til å underteikne protokollen

Vedtak:

Som møteleiar vart vald: Per-Gunnar Sveen.

Som sekretær vart vald: John Støyva.

Til å underteikne protokollen vart vald: Synnøve Sønndergaard og Birger Hovden.

Registrering av stemmefullmakter:

Troms: Fullmakt til Håvard Kyvik Gulliksen.

Nordland: Fullmakt til Bjørn Richard Monsen.

Hordaland: Fullmakt til Astrid Selsvold.

Vest-Agder: Fullmakt til Bjørgulv Sverdrup Lund.

Telemark: Fullmakt til Tom Egil Flata.

Oppland: Fullmakt til Ivar Odnes.

Hedmark: Fullmakt til Per-Gunnar Sveen.

Årsmøtesak 3-2014: Årsmelding og rekneskap 2012

Vedtak:

Årsmelding og rekneskap for 2012 vert godkjent.

Årsmøtesak 4-2014: Årsmelding og rekneskap 2013

Vedtak:

Årsmelding og rekneskap for 2013 vert godkjent.

Årsmøtesak 5-2014: Økonomiske rammer - Kontingent

Vedtak:

1. Kostnadsramma for Samarbeidande kraftfylke vert sett til 2 mill. kr pr. år eks. mva, indeksjustert etter konsumprisindeksen med referanseår 2012. Eventuell ubrukt kostnadsramme kan overførast til etterfølgjande år eller til reservefond.
2. Årskontingent 2014 på kr 181.818 + mva (utfakturert) vert godkjent.
3. Årskontingent 2015 vert berekna slik: $\text{kr } 181.818 * \text{kpi}(\text{jan. } 2015)/\text{kpi}(2012) + \text{mva}$.
4. Godtgjerdsle til styreleiar vert sett til 55.000 kr/år for 2014 og 2015.

Samarbeidande Kraftfylke

Årsmøtesak 6-2014: Mål og arbeidsoppgåver

Vedtak:

1. Kraftfylka skal arbeide vidare med oppgåver som er nedfelte i tidlegare årsmøtevedtak.
2. Framover no skal det leggest vekt på:
 - Nettspørsmåla.
 - Reitenutvalet, høyring.
 - Investeringsnivå i kraftnettet.
 - Tariffering i sentralnettet og regionalnettet/distribusjonsnettet.
 - Utjamning av nettleiga.
 - Vurderinga av el-sertifikatordninga i 2015.
 - Ny energimelding i 2015.
 - Kommunereforma.
 - Erstatning for tap av konsesjonskraft ved kommunesamanslåing.
 - Ivaretaking av kraftverdiar i fylka ved ein eventuell tonivåmodell.
 - Posisjonering for grunnrenteskatt ved ein landsdelsregionmodell.
 - Rammevilkår for kraftintensiv industri.
 - Nettspørsmål.
 - Fornyng av industrikraftkontraktar.

Årsmøtesak 7-2014: Eventuelle vedtektsendringforslag

Vedtak:

Ikkje vedtektsendringar.

Årsmøtesak 8-2014: Faststje eigenkapitalreserve

Vedtak:

1. Samarbeidande Kraftfylke bør ha ein eigenkapitalreserve tilsvarande 1 års drift. Framtidige rekneskapsmessige overskot vert brukte til å bygge opp kapitalreserven inntil nivået er nådd.
2. Setje av det rekneskapsmessige overskotet for 2013 på 867.539 kr som eigenkapitalreserve.

Årsmøtesak 9-2014: Innstillinga frå Reitenutvalet

Vedtak:

Samarbeidande kraftfylke skal utarbeide en høringsuttalelse på Reitenutvalgets rapport på basis av de innspill som kommer fra fylkene på denne orienteringen innen fastsatt frist.

Alle vedtaka var samrøystes.

Veksling av sekretariatsfunksjonen

Toini Løvseth overtok sekretariatsfunksjonen med verknad frå årsmøtet.

Årsmøtet takka SFE Produksjon AS / John Støyva for utført sekretariatsarbeid 1992-2014.

Årsmøtet slutt kl 15:00.